



Jan Frank Christiansen – ein snodig kar med ei snodig bok som inneheld meir visdom enn visvas. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Ein snodig kar som diverre er under nedtrapping i Uskedalen har no fått gjeve ut ei snodig bok på eige forlag. Det heiter Fjerding, eit namn som er ein ordmakar og ordkunstnar verdig. Ikkje overraskande heiter boka Snodigboka. På dei 215 sidene (!) finn ein, som det vert slått fast i undertittelen, både visdom og visvas, men avgjort mest visdom.

Boka handlar primært om AFA-sjef Jan Frank Christiansens utrulege langferd på sykkel sist sumar, der han trampa innom alle fylka i landet. Men ho er, som forfattaren sjølv, eit høgst originalt produkt hvis ein legg tradisjonelle kriteriar for ei reiseskildring til grunn.

Lesaren vil konkludera med at dette framfor alt er skildring av ei ferd på det filosofiske plan. Og utruleg nok er den i si heilheit unnfanga på to hjul, ikkje med støtte frå nedstøva notatar i skrivebordskuffa.

For å sitera forfattaren er den skreve på stigande intellektuell rus, for dette er ein klår realitet som mange frisksportarar kan slutta seg til: Jo meir ein brukar kroppen, jo betre fungerer det også i hovudet.

Apropos ordmakar og ordkunstnar: Christiansen må vera ein av dei mest kreative ordmakarar på nynorsk sidan Ivar Aasen. Til dette vil bergensaren sikkert svara at han skriv ikkje nynorsk, men knotaku. I så fall er han ein svært flink knotakumakar.

Men her er det på sin plass med ei åtvaring til lesarane (og særleg kanskje til eksamenskandidatar) som trur dei les nynorsk. Dei bør ikkje nytta for mange av orda før dei er på plass i ei offisiell ordliste. Det er ikkje minst i fyndorda, som boka er spekka med, ein finn dei språklege nyskapningane.

Fyndorda er forresten heller ikkje boksemat hvis ein har ein mistanke om det – dei er orginaltappa Christiansen og fortener eigentleg å vera i ei bok for seg sjølv.

Her er tre heilt tilfeldige døme:

”Den sosen er retteleg ein usaus” (om eksos red.anm.)

”Eit attsjå er noko du ikkje har sett”

” Vi veit jo mindre enn vi lett kunne ha kunna til – om vi berre visste betre”.

Det er ei morosam bok, som du kan lesa med aukande humring. Men det er også grunn til å tolke Snodigboka som eit vektig innlegg frå ein kar som heile livet har kjempa for retten til å vera annleis.

Boka inneheld også dei finurlege bileta som Christiansen synte fram i Kulturhuset på Husnes etter langferda, men dei blir i boka berre eit bleiknande apropos til dei spenstige verbale krumspringa.

Boka er eit heilt ut ukommersielt produkt. Hvis det blir overskot vil ordmagikaren og langferdsyklisten gjeva det til Frelsesarmeen. Og du kan få tak i boka ved å slå opp på Ferding på nettet.

Kjem det så fleire bokprodukt på dette forlaget? Eigaren ser ikkje bort frå det. Han har mange ideear og hvis han får tid og sinnro kan det koma seriøse produkt av meir ålmenn interesse enn Snodigboka!

Av Ola Matti Mathisen